



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2023/14747-STT

Dato

12.10.2023

Tidspunkt: Torsdag 19.10.23 kl. 10.15 – 11.30
Stad: Sydneplassen 12/13, møterom 1. etasje
Til: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Hans Marius Hansteen, Vibeke
Tellmann, Julie Zahle, Gunnar Karlsen, Marilu Papandreou, Kirsten
Bang, Johan Ulla, Frøya Lothe, Fredrik Johansen

Innkalling til instituttrådsmøte 19.10.23

I Godkjenning av innkalling og sakliste

II Orienteringssaker

- Fakultetsstyremøte 22. oktober
- Studieporteføljeprojektet ved HF: Statusrapport
- «JUS223 Rettsfilosofi og språk- og argumentasjonsteori for jurister»: Levering av undervisningstenester

III Vedtakssaker

2023-20 Undervisningsplan for vårsemesteret 2024

2023-21 Personlege driftsmidler: Justering av ordning

Steinar Bøyum
instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydneplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for filosofi og førstesemesterstudium

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2023/14747-STT

Dato

13.10.2023

II Orienteringssaker

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

Arkivsaksnr.:

Dokumentdato:

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudium
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Sakshandsamar
Steinar Thunestvedt
55582384

2022/8830

02.05.2023

Styre:

Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak:

19/23

Møtedato:

09.05.2023

Arbeidsgruppe for prosjektet Studieporteføljen ved Det humanistiske fakultet

Bakgrunn

I tråd med konklusjonen i rapporten frå forprosjektet i 2022/2023 (fakultetsstyresak 9/23), skal det setjast ned ei arbeidsgruppe som skal ta arbeidet med studieporteføljen ved HF vidare i prosjektet *Studieporteføljen ved Det humanistiske fakultet*.

Samansetjing

Svein Ivar Angell, visedekan for utdanning (leiar)

Steinar Bøyum, instituttleiar, Institutt for filosofi og førstesemesterstudium

Anders Fagerjord, instituttleiar, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Kari Jegerstedt, senterleiar, Senter for kvinne- og kjønnsforskning

Martin Paulsen, instituttleiar, Institutt for framandspråk

Teemu Ryymin, instituttleiar, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Rasmus T. Slaattelid, senterleiar, Senter for vitskapsteori

Fakultetsadministrasjonen bidrar som sekretariat. Det skal òg oppnemnast studieadministrative medlemmer av arbeidsgruppa.

Dekanen får fullmakt til å oppnemna to studentrepresentantar.

Arbeidsgruppa skal konsultera relevante eksterne interessentar undervegs.

Mandat

Arbeidsgruppa sitt mandat er å koma med framlegg til eit attraktivt studietilbod som rekrutterer sterkt og legg til rette for god gjennomføring. Gruppa skal setja i gang ein grundig gjennomgang av studieprogramporteføljen ved HF, ut frå følgjande føresetnader:

- Det skal identifiserast kva program det er særskilte utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring.
- Program- og emneportefølje skal forenklast. Dette kan innebera nedlegging eller omorganisering av program.
- Det skal arbeidast med tiltak for å styrkja kvalitet og gjennomføring i programma.
- Det skal vurderast å oppretta program med tverrfagleg profil og klar arbeidsrelevans.
- Arbeidsgruppa skal ta omsyn til pågåande og framtidige prosessar knytt til studieporteføljen ved fakultetet: Implementering av ny modell for lektorprogramma, arbeidet med å etablera eit FPØ-program og å utarbeida ein strategi for EVU-tilbodet ved HF.

Dekanen sine kommentarar

Heile sektoren opplevde sterk oppgang i søkartal og studiepoengproduksjonen under koronapandemien. Det gjorde òg vårt fakultet. Denne oppgangen har vist seg å vere forbigåande, og maskerte strukturelle utfordringar ved porteføljen som har vore kjend i svært lang tid.

Fakultetet har no to år på rad opplevd sterkt fall i søkartala. Denne utviklinga kan lesast som ei ytterlegare forsterking av dei strukturelle utfordringane. Kombinert med ein kontekst med stadig sterkare konkurranse i sektoren, Utsynsmeldinga og demografiske framskrivningar, pålegg dette oss handlingstvang som fakultet og fagleg fellesskap om å ta tilbakemeldingane frå søkarane på alvor.

Vi har sterk tru på at arbeidet studieporteføljen denne gang skal lukkast. Denne optimismen bygger på fleire faktorar. For det første har det vore gjennomført eit grundig og godt forankra forprosjekt. Dermed vil arbeidet kunne bygge på kunnskapsgrunnlaget i både dette forprosjektet og tidlegare prosessar knytt til studieporteføljen ved fakultetet. For det andre tilsier ei rekke internasjonale studier at nettopp humanistiske utdanningar vil bli særskild viktige i framtida gjennom å vere fleksible og å tilby kvalifikasjonar som er sterkt etterspurte i samfunnet. For det tredje har fakultetet ein særdeles dyktig fagleg og administrativ stab.

Fakultetet har òg ei sterk, konstruktiv og samkøyrte instituttleiargruppe. Vi er takknemlege for at dei har takka ja til å utgjere stammen i denne arbeidsgruppa. Deira førstehandskjennskap til kjerneverksemda og perspektivvekslingar mellom dagleg drift og strategiske avvegingar vil bli særskilt verdifulle i dette arbeidet.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret godkjenner føreslått samansetjing og mandat for arbeidsgruppa for prosjektet Studieporteføljen ved Det humanistiske fakultet.

Camilla Brautaset
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

Det juridiske fakultet

Referanse

2023/7917-STT

Dato

05.06.2023

Avtale om levering av undervisningstenester - JUS223

Institutt for filosofi og førstesemesterstudium (FoF) forpliktar seg med dette til å stå for undervisninga i emnet JUS223 *Rettsfilosofi og språk- og argumentasjonsteori for jurister* - frå og med vårsemesteret 2024.

Undervisninga vil gå føre seg som seminarundervisning, med inntil 4 seminargrupper à 24 studentar pr. semester. I tillegg vil det bli individuell rettleiing av ei seminaroppgåve, som også blir eksamensforma i emnet. FoF vil stille med sensorar. Det samla timevolumet pr. seminargruppe vil vere på ca. 160 timar (undervisning, studentrettleiing, sensur, lagarbeid).

Det juridiske fakultetet har det administrative ansvaret for emnet, inkludert timeplanlegging og eksamensavvikling. Emneansvaret vil også ligge ved Det juridiske fakultet.

Studiepoenginntektene for emna vil krediterast Det juridiske fakultet.

Talet på seminargrupper, og med det også faktureringsgrunnlaget, må bestemast seinast 4 veker før oppstart av undervisninga (ca. 10 desember).

FoF blir kompensert for undervisninga med grunnlag i (faktisk) timebasert kostpris, med eit påslag på 20 % for indirekte kostnader. Faktura blir sendt ved semesterslutt.

Avtalen kan seiast opp med 3 månaders varsel.

Steinar Bøyum (s)

Instituttleder

FoF

Øystein Iversen (s)

Fakultetsdirektør

Det juridiske fakultet

Instituttrådet

Referanse

2023/14747-STT

Dato

12.10.2023

III 2023-20 Undervisningsplan for vårsemesteret 2024

Dokument:

- Undervisningsplan – vårsemesteret 2024

Saksforelegg:

Undervisningsplanen for vårsemesteret 2024 byggjer på eksisterande «rotasjonsplan» for bachelorprogrammet i filosofi, faglærarane sine preferansar om undervisning og – ikkje minst – gjeldande personalmessige og økonomiske rammevilkår.

Instituttet vil frå 2024 (og dei komande åra etter det) ha godt samsvar mellom dei tilgjengelege personalressursane og undervisningsvolumet. Dette gjeld også for Examen philosophicum sin del dersom vi kan tilsetje 1-2 nye stillingar i 2024/25 – noko ein har godt håp om. Grunnen til dette er mangfaldig:

- Vi har gjort fleire effektiviseringstiltak i undervisningstilbodet dei siste åra. Dette begynner no å få god effekt.
- Vi har to nyttilsette førsteamanuensar frå 2023, i realiteten vil desse vere eit ekstra tilskott til undervisningsressursane.
- I 2023 tilset vi 3 postdoktorar, alle med pliktarbeid i stillinga. Det er grunn til å tru at alle tre kan bidra godt i undervisninga dei neste fire åra.
- Dei siste 3-4 år har dei tilsette sine undervisningsrekneskapssaldoar blitt bygd noko ned, og er no på eit nivå som ein kan leve godt med også i åra som kjem. Det må likevel nevast at det er til dels urovekkjande store skilnader mellom dei tilsette, og dette blir ein utfordring i seg sjølv dei enste åra.
- Tilfeldigvis vil vi i perioden 2024-2027 ha uvanleg stort tilfang av pliktarbeid frå vore stipendiatar. Dei siste åra har omfanget på dette vore vesentleg lågare, av fleire grunnar. Vi håpar og trur at stipendiatane åleine kan bidra med 25-30 kurseiningar berre ved Examen philosophicum i den neste treårsperioden.

Vi må nokså sikkert tilbake til årtusenskiftet, før innføringa av «seminarmodellen» ved Examen philosophicum, for å finne så god balanse mellom personalressursane og dei undervisningsoppgåvene som skal utførast.

Denne situasjonen gir grunnlag for gode og interessante opningar og opsjonar med tanke på utvikling av undervisningstilbodet ved instituttet – men kanskje også nokre problem dersom vi ikkje har eit høgt medvitsnivå om situasjonen.

Ved Examen philosophicum er første versjon av dimensjoneringsplanen klar. Vi planlegg no for 40,5 kurseiningar (inkl. forelesningar) i vårsemesteret, og 112-114 på årsbasis. Dette er i tråd med den langsiktige prognosen med siktemål om økonomisk balanse i 2026. Slik det no ser ut, vil vi ikkje ha behov for vikarar i vårsemesteret.

Framlegg til vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til framlegg om undervisningsplan for vårsemesteret 2024.

Steinar Bøyum
instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

UNDERVISNINGSPLAN – VÅRSEMESTERET 2024

Examen philosophicum

Slik det no ser ut må vi planlegge for i alt 40,5 kurseiningar i vårsemesteret, fordelt på dei aktuelle fakulteta slik:

	Forelesningar	Seminar
Juridisk fakultet	1	12
MN-fakultet	1	16
MO-fakultet	0,5	1
Psykologisk fakultet	1	8
TOTALT	3,5	37

I hovudsak blir dei ulike undervisningslaga sett saman av dei same lærarane som har undervist ved desse variantane dei siste åra, men med nokre justeringar. Vi kjem ikkje til å nytte vikarar dette semesteret.

40,5 kurseiningar er godt i tråd med prognosane våre. Etter planen skal Exphil vere i økonomisk balanse i 2026, og dette kursvolumet er marginalt meir enn det denne prognosen byggjer på.

Språkkunskap:

Det blir 1 forelesningsrekke og (mest sannsynleg) 1 seminar

Akademisk skriving:

Undervisninga blir i all hovudsak nettbasert, og vi planlegg for 50-70 studentar fordelt på 1 eller kanskje 2 «nettgrupper».

Filosofi, didaktikk og retorikk:

Undervisninga i filosofi/logikk, didaktikk og retorikk er som den har vore dei siste åra. I alt blir det ein stad mellom 32 og 35 undervisningsgrupper, det eksakte talet er mest avhengig av kor mange seminargrupper det er naudsynt å ha i LOG110.

Det totale ressursforbruket vil ligge mellom 2 000 og 2 300 timar (retteiing og sensur inkludert). Det er godt innanfor rammene av det ressursmessig berekraftige.

Undervisningsplanen er i all hovudsak ferdigstilt. Det manglar framleis ein og annan seminarleiar, men dette er snart på plass.

UNDERVISNINGSPLAN FILOSOFI, DIDAKTIKK MV.		
Emnekode	Type undervisnings-aktivitet	Antall i semesteret

DIDAFIL2	Seminar	8
DIDAHUM2	Førelesingar	1
DIDAHUM2	Seminar	7
FIL105	Førelesingar	10
FIL106	Førelesingar	10
FIL116	Førelesingar	10
FIL120	Førelesingar	10
FIL120	Seminar	10
FIL120	Seminar	10
FIL220	Førelesingar	10
FIL233	Førelesingar	10
FIL249	Førelesingar	10
FIL252	Seminar	4
FIL321	Seminar	5
FIL322	Seminar	5
FIL332	Seminar	13
LOG110	Førelesingar	6
LOG110	Seminar	5
LOG110	Seminar	5
LOG110	Seminar	5
LOG110	Seminar	5
LOG110	Seminar	5
LOG110	Seminar	5
LOG110	Seminar	5
LOG110	Seminar	5
LOG110	Seminar	5
LOG111	Førelesingar	10
LOG111	Seminar	10
LOG111	Seminar	10
LOG111	Seminar	10
LOG112	Førelesingar	5
LOG112	Seminar	5
LOG112	Seminar	5
RET202	Førelesingar	10
RET250	Seminar	5

Referanse

2023/14747-STT

Dato

16.10.2023

III 2023-21 Personlege driftsmidlar - justering

Saksforelegg:

Instituttet har i 10 år hatt ei ordning med personlege driftsmidlar («personleg annum»), eit beløp dei tilsette får til disposisjon for innkjøp av relevante ting knytt til arbeidsinnhaldet sitt (i praksis bøker, rekvisita, reiser, PC-utstyr etc.).

Ordninga erstatta den gamle ordninga med «insentivmidlar», der rettleiarar for PhD-kandidatar og master-kandidatar blei tilgodesett med eit beløp når kandidatane hadde avlagt eksamen/fått godkjent disputas.

Etter siste justering i 2019 har beløpet vore 10 000 pr. år for førsteamanuensar/professorar og 5 000 pr. år for tilsette i lektorstillingar.

I all hovudsak har ordninga fungert godt. Kanskje mest fordi den har vore forenklande og «avbyråkratiserande», men også fordi den har vore eit verdifullt tilskott særleg for dei tilsette som ikkje har andre midlar å trekke vekslar på.

Dei siste to-tre åra har ordninga likevel fungert noko dårlegare i høve til intensjonane. Dette er dei viktigaste grunnane:

- Mange av dei tilsette har fått behovet sitt for ekstra PC-ar, iPads/nettbrett og liknande godt ivaretatt via denne ordninga og i stor grad er behovet for slikt «metta» for ei tid framover
- Behovet for kjøp av tradisjonelle, papirbaserte fagbøker er vesentleg mindre p.g.a. framveksten av ulike digitale erstatningar
- Under pandemien fall naturlegvis reiseutgiftene vesentleg, for 2021 og 2022 snakkar vi om 80-90 % reduksjon i høve til tidlegare «normalnivå». Desse utgiftene ligg framleis på eit svært lågt nivå, og det er rimeleg å anta at mykje av denne nedgangen er varig.
- Dei siste åra har mange av våre tilsette hatt godt med ressursar frå anna hald (NFR, Meltzer, smådriftsmidlar o.a.). I mange tilfelle kan det opplevast noko ekstravagant at desse også får personlege driftsmidlar.

Dette betyr at det no er rett og rimeleg å ta i grundigare drøfting av den noverande ordninga. Ein kan tenke seg ei lang rekkje ulike modellar for eit justert tildelingsregime. Dei viktigaste dimensjonane i ein slik diskusjon er nok desse:

- 1) Storleiken på det totale beløpet. P.t. er dette på ca. 300 000 i året
- 2) Andelen som blir disponert direkte av dei einskilde tilsette (som i dag altså er 100 %)

- 3) Kor fri ein står til å disponere midlane som ein vil. I dag er det berre «Statens økonomireglement» som set grenser her, og i praksis har ein dermed stått svært fritt. Det er i realiteten berre innkjøp som heilt opplagt (og primært) vil ha «privat» nytte ein har sagt nei til.
- 4) Gitt at andelen som blir disponert direkte av dei tilsette blir redusert, korleis skal ein eventuelt forvalte resten av midlane. Bør det skje etter søknad, eller bør ein t.d. allokere det til forskningsgruppene?

Instituttleiinga har førebels ikkje utvikla sterke og klare tankar om alternative modellar, og det er naturleg at instituttrådet drøftar dette grundig før avgjerd blir tatt.

Forslag til vedtak:

Framlegg til ny tildelingsmodell for driftsmidlane blir presentert i samband med handsaminga av driftsbudsjettet i januar 2024.

Steinar Bøyum
instituttleiar

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef